

Samarbeidsavtale mellom Øystre Slidre kommune og hyttelag/hyttevelling i kommunen

Bakgrunn

Øystre Slidre kommune er ein kommune med mange hytteeigarar/deltidsinnbyggjarar, og utbygging og bruk av hyttene i kommunen er ei viktig næring. Øystre Slidre har mange kvalitetar som hyttekommunen, noko som er samanfatta i slagordet til kommunen: Øystre Slidre – Rein naturglede. Kommunen ønskjer å leggje til rette for at deltidsinnbyggaren trivst og brukar hytta si ofte, gjerne så ofte at hytteeigaren vel å flytte og bu på hytta som heiltidsinnbyggjar. Gode og velfungerande hyttelag/hyttevelling er viktig for å vidareutvikle Øystre Slidre som ein god hyttekommune. Føremålet med denne samarbeidsavtalen er å legge til rette for eit godt samarbeid mellom kommunen og hyttelaga/hyttevellinga.

Partar

Partar i denne avtalen er Øystre Slidre kommune og hyttelaga/hyttevellinga i kommunen. Ved inngåing av denne avtalen er følgjande hyttelag/hyttevelling part i avtalen: Beitostølen Hytteforening, Javnlie Vel, Vangsjøen Vel, Øystre Beitostølen Vel, Garlivegen Hytteeierforening, Lukseråsen vel, Midthøgde og Søndre Rennsenn Vel, Øyangen vel. Når nye hyttelag/hyttevelling vert etablert i kommunen skal dei kunne slutte seg til denne avtalen.

Hyttelaga/hyttevellinga utnemner ein kontaktperson for laga. Ved inngåing av denne avtalen er Petter Knudsen, e-post: petter.a.knudsen@gmail.com kontaktperson for laga.

Samarbeidsforum

Partane har møte to gonger i året, eit om våren og eit om hausten, eller etter behov. Kommunen kallar inn til møta etter framlegg om møtedato frå kontaktpersonen for laga. Frå kommunen møter ordførar, rådmann og ev. andre frå administrasjonen som rådmann ønskjer skal delta. Frå hyttelaga/hyttevellinga møter leiar i laget, eller den leiar ønskjer skal møte i sin stad. Kommunen leiar desse møta og kontaktpersonen for laga skriv referat frå møta. Møtereferatet vert godkjent av kommunen.

I desse møta vert m.a. følgjande saker orientert om eller drøfta:

- Planar (kommuneplan/kommunedelplan, reguleringsplanar, temaplanar) med relevans for hytteeigarar.
- Investering og drift av infrastruktur knytt til hytte-områda t.d. veg, turvegar/løyper, renovasjon, vatn og avløp, breidband.
- Økonomiplan og budsjett (m.a. eigedomsskatt) med relevans for hytteeigarane.
- Helse- og omsorgstjenester for hytteeigarane.

- Hyttevella sine planlagde aktivitetar/årsplan.

Kontaktpersonen for laga melder inn saker til møta seinast 14 dagar før kvart møte.

Andre samarbeidsområde

Når kommunen har planar som er ute til høyring vil kommunen orientere om dette på nettsida til kommunen og hyttelaga/hyttevella er velkomne til å gje høyringsinnspel. Kommunen vil orientere om planprosessen for kommuneplan/kommunedelplan i møta mellom partane og ved epost til kontaktpersonen for hyttelaga.

Dersom kommunen har behov for å sende ut informasjon, epost eller liknande til alle hytteeigarane i kommunen vil hyttelaga/hyttevella bistå ved å sende slik informasjon ut til medlemmane gjennom sine kanalar.

Heggenes 31.12.2019

Øystre Slidre kommune


v. ordførar Odd Erik Holden


v. rådmann Jostein Aanestad



Beitostølen Hytteforening

Javnlie Vel

Vangsjøen Vel

Øystre Beitostølen Vel

Garlivegen Hytteeierforening

Lukseråsen vel

Midthøgde og Søndre Rennsenn Vel

Øyangen vel